



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2158 - 18/25225

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
21.08.2018

Oversender søknad om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen og pbl § 1-8 for frådelling av ny grunneigedom med eksisterande bustad til uttale - gbnr 108/2 Lindås


Tiltak: oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 108/2 Veråsvegen 91
Tiltakshavar: Karl Anders Stene
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om frådelling av ny grunneigedom med eksisterande bustadhus, garasje og uthus på 108/2. Eigedommen er ein teig av hovudbruket som er avgrensa av naboeigedomar og fylkesveg 415. Tomtearealet er oppgitt til 1 950 m².


Tiltaket krev dispensasjon frå føresegn 1.1, plankravet, og plan- og bygningslova § 1-8, byggjeforbodet i strandsona. Det er ikkje søkt om dispensasjon. Kommunen har i skriv datert 21.08.2018 bedt om at dette vert ettersend.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Situasjonskart:




Skråfoto



Planstatus

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til byggeområde for bustadar. Planen har ikkje fastsett byggjegrænse mot sjø.



VURDERING

Søknaden gjeld frådelling av eksisterande bustad på ein avgrensa teig. Eigedomen har avkjøring til fylkesveg 415 og er tilknytt kommunalt vass- og kloakkanlegg.

Kommunen si førebelse vurdering er at ei frådelling slik det er søkt om ikkje vil setja verken strandsonevernet eller plankravet i kommuneplanen vesentleg til side.

Veglova

Eigedomen har ei etablert avkjørsle. Kommunen legg til grunn at denne er godkjend og at ytterlegare løyve etter veglova ikkje er nødvendig.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 108/2 Lindås

Vedlegg:

Nabovarsel

Kart

Gbnr 108-2 grunnkart matrikkel

Gbnr 108-2 oversiktskart KP

Gbnr 108-2 oversiktskart grunnkart

Kopi til:

Karl Anders Stene

Veråsvegen 105 5955

LINDÅS

Mottakarer:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

Bergen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900 5020

BERGEN

Landbruksavdelinga

Planavdelinga

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4 6863

LEIKANGER